



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 40, 18. november 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Kjempefin markering av Kaarstad-huset

Høgskulen slo på stortromma då det 16. november vart markert at det var nøyaktig 100 år sidan Kaarstad-huset vart offisielt opna. [Her er opningstalen frå rektor](#). Hovudtalar for dagen var forskings- og høgare utdanningsminister Ola Borten Moe.

LES MEIR



To nye professorar på Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda har fått to nye professorar. Stig Jarle Helset har fått opprykk til professor i norsk språk. Ivar John Erdal har vorte professor i medievitskap. Høgskulen i Volda har til saman ca. 30 professorar og dosentar.

LES MEIR

Studium og studentliv



Sparebanken Møre gav kr 100.000 i støtte til studentorganisasjonane i Volda

I høve 100-års markeringa av Henrik Kaarstad-huset gav Sparebanken Møre ved banksjef Hege Karete Hamre ei gåve på kr 100.000 som skal gå til det friviljuge studentarbeidet ved Høgskulen i Volda. Mottakar av gåva var leiar i Studentparlamentet, Trond Fredrik Hagemann Hoddevik. Og Hoddevik var brennsikker på at ei gåve som dette vil gi ein skikkeleg kveik til arbeidet i friviljuge studentorganisasjonane.

Menyen i kantina komande veke

Måndag: Vegetarlasagne med spinat
Tysdag: Fiskegrateng med råkost og smelta smør
Onsdag: Karbonader med løk og ertepure
Torsdag: Potetball med tilbehør
Fredag: Tacobuffé
Pris: Kr 14,90 pr hg

Fag og forskning

Volda skal gi nasjonale vidareutdanningstilbod for lærarar i barnehagen

Høgskulen i Volda har vunne ein tilbodskonkurransen om nye vidareutdanningstilbod for lærarar i barnehagen i regi av Utdanningsdirektoratet. Dei tre tilboda det gjeld er: Digital kompetanse i barnehagen, Spesialpedagogikk i barnehagen og Leiing av utviklingsarbeid i barnehagen. Kontrakten varer ut 2025 og har ein samla årleg grunntilskot (verdi) for Høgskulen i Volda på ca. 2,5 millionar kroner, men kan passere kr 4 mill pr år, avhengig av talet på studentar. Tilboda vil bli gjevne til lærarar over heile landet.

NOKUT: Forlenga behandling av akkrediteringssøknader

NOKUT har sendt melding til Høgskulen i Volda om at dei kjem til å trenge lenger tid enn planlagt på å handsame akkrediteringssøknadene på master i Barnevernsarbeid og mastersøknaden frå AKF: Natur, kultur og berekraft.

Gro Bårdseth har kome med i skriftstyret til "Nordic Journal of Innovation in the Public Sector"

[Førstelektor Gro Bårdseth](#), ASH, er ein av medlemmene av redaksjonsrådet til tidsskriftet "[Nordic Journal of Innovation in the Public Sector](#)" (NJIPS) som vert gjeve ut av Universitetsforlaget. Tidsskriftet vert gjeve ut under Open tilgang-lisens. [Tidsskriftet presenterer seg](#) som fleirnasjonalt og fleirfagleg, men skal formidle forskning og innovasjon primært i ein nordisk kontekst. Høgskulen i Volda (ASH) er ein av 8 høgskular og universitet som finansierer tidsskriftet.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side](#).

Rektorvalet: Kandidatane blir kjende 25. november

I tråd med planen for rektorvalet vil valstyret offentliggjere kven som er kandidatar til rektorvalet den 25. november. Då blir det kjent både kven som stiller som rektorkandidat(ar) og prorektor-kandidat(ar). [Les meir på nettsidene til valstyret.](#)

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Lyser ut tre dekanstillinger

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillinger med søknadsfrist 2. januar 2023. Dei tre avdelingane er Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie og humanistiske fag og lærarutdanning. Dei fireårige åremåla til dei tre dekanane går ut 31. juli 2023.

Ledige stillingar

[Seniorkonsulent ved Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 30.11.2022](#)

[Rådgivar med ansvar for forskingskommunikasjon - søknadsfrist 30.11.2022](#)

[Kommunikasjonsrådgivar - søknadsfrist 30.11.2022](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for kulturfag - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 2.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)

[Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.1.2023](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

23.11.2022: [Nettverkstreff: Kvinner i forskning på HVO](#)
24.-25.11.2022: AHL Avdelingsseminar, Loen
8.12.2022: [Høgskulestyret](#)
9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik
9.-16.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)
15.12.2022: AKF Juleavslutning
16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
16.-17.3.2023: Avdelingsseminar ASH
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

16.11.2022: [Tale ved opninga av Kaarstad-jubileet: "Kaarstad-huset er 100 - i 100!"](#)
2.11.2022: [Orientering til høgskulestyret, styremøte 3.11.2022](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av stråmproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)